

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 2. oktober 2019 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

| | |
|------------------------------------|--|
| MØTESTAD: | Vindafjord Rådhus, formannskapssalen |
| MØTESTART-MØTESLUTT: | Kl. 13.00 – kl. 14.20 |
| MØTANDE MEDLEMER: | Nils Terje Oma (Ap), Kristian H. Ressel (BBL), Johannes Vestbø (Sp), Marit Aga Hustvedt (Ap) |
| FORFALL: | Gunn Haraldseid (H) |
| MØTANDE VARAMEDLEMER: | Anne Tone Salte Andersen (H) |
| FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: | Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| FRÅ REVISJONEN MØTTE: | Forvaltningsrevisor Kari Gåsemeyr, Deloitte AS |
| FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE: | Rådmann Yngve Folven Bergesen |
| ANDRE SOM MØTTE: | Ingen |
| MERKNADER TIL INNKALLING: | Ingen |
| MERKNADER TIL SAKLISTE: | Ingen |

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.05.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 08.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 08.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.10.19

14. Orientering om sakshandsamingssystem v/utvalssekretær
15. Statusrapport pr. september 2019
16. Kst.vedtak 28.05.19, sak 23/19 – oppfølging av rapport om IKT
17. Kst.vedtak 28.05.19, sak 24/19 – revisjonsavtalen, bruk av opsjon
18. Brev av 12.07.19 til Deloitte AS vedk. forlengelse av revisjonsavtalen
19. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
20. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Næringspark AS 11.06.19
21. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning IKS
22. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
23. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19
24. NKRF – «Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier»

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Under pkt. 14 opplyste han at sekretariatet ikkje har konkrete planar om å endra sakshandsamarsystemet. Ein såg på ulike moglegheiter for å betra dagens saksdokument. Ein moglegheit var å få bokmerke for kvar sak. Utvalet/sekretariatet skal som kjent vara uavhengig av rådmann og kommunen sin sakshandsaming.

K. Rasset kommenterte og meinte sekretariatet burde ta kontakt med rådmannen for å undersøke om det er mogleg at sekretariatet får tilgang til kommunen sin politikarportal. Han opplyste at fleire av kommunane på Haugalandet er i ferd med å installere sakshandsamarsystemet ACOS. Han meinte sekretariatet burde vurdere innkjøp av dette programmet. Utvalet stetta Rasset si oppfordring.

Rådmannen orienterte kort om status for Haugaland brann og redning IKS.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19:

Referatsaker 14 – 24 blir tatt til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber sekretariatet ta kontakt med rådmannen for å undersøkje moglegheita for å få tilgang til kommunen sin politikarportal og at sekretariatet går til innkjøp av eit elektronisk sakshandsamingssystem.

SAK 09/19 REVISJONSRAPPORT – «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Forvaltningsrevisor Gåsemyr gjorde greie for rapporten og viste presentasjon på skjerm. Revisor gjorde greie for føremål, problemstillingar og nytta metode. Dei hadde gjennomført intervju, dokumentanalyse og stikkprøvekontroll. Ho gjorde greie for revisjonen sine funn for kvar av dei tre problemstillingane. Dei hadde ikkje avdekka forhold som tilseier at det er manglar ved kommunen si utføring av tenestene. Kommunen har utarbeida ei rekke rutinar for tenestene. Revisor peika på at desse rutinane bør forbetrast og utviklast vidare. Revisjonen hadde utforma seks tilrådingar til kommunen.

Medlemmene fekk svar på spørsmål, mellom anna om brukarundersøking, kvalitetssikring og kompetanseoversikt.

Medlemmene og rådmann kommenterte funna i rapporten. Utvalet meinte det var ein interessant rapport, med til dels alvorlege funn. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19 og innstilling til kommunestyret:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 10/19 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2019**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, dagsett 23.04.19 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Utvalet hadde ingen merknader til eigenerklæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, dagsett 23.04.19 til orientering.

**SAK 11/19 BUDSJETT 2020 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN
– KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG****Sekretariatet si innstilling:**

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vindafjord kommune for 2020 vert på i alt **Kr 755 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

| | | |
|---|----|---------|
| Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110) | kr | 95 000 |
| Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750) | kr | 205 000 |
| Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700) | kr | 455 000 |
| Totalt | kr | 755 000 |

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vindafjord kommune for 2020 vert på i alt Kr 755 000,- eks mva fordelt på følgjande:

| | | |
|---|-----------|----------------|
| <i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i> | <i>kr</i> | <i>95 000</i> |
| <i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i> | <i>kr</i> | <i>205 000</i> |
| <i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i> | <i>kr</i> | <i>455 000</i> |
| <i>Totalt</i> | <i>kr</i> | <i>755 000</i> |

SAK 12/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval godkjenner innspela som blir sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Evalueringa vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.19:

Sekretær opplyste at dei hadde mottatt to skjema så langt. Medlemmene vart oppmoda til å sende inn utfylt skjema så snart som mogleg. Sekretariatet vil samordne tilbakemeldingane og nytte evalueringa i samanheng med opplæringa av nytt utval.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.19:

Vindafjord kontrollutval godkjenner innspela som blir sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Evalueringa vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Leiar takka medlemmene, revisor, rådmannen og utvalssekretær for eit godt samarbeid i perioden.

Neste møte: onsdag 20.11.19, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 02.10.19

Nils Terje Oma
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær